

Til elevar, foreldre og føresette for elevar i skuleåret 2022-2023

# Invitasjon til årsavslutning 6. mai



Det går mot lysare tider og friluftslivsklassene nyt vinteren med puddersnø og sol. Tre klasser er på veg mot, eller komne fram til, Taiwan, Thailand og Japan for å lære meir om både fag, land og kultur. Etter påske er alle klassene samla for ein hektisk innspurt på skuleåret. Dei siste dagane går fort og slutten kjem alltid brått på. Vi skal dei siste vekene avslutte skuleåret med felles opplevingar og oppsummere det klassene har vore igjennom og skapt av underhaldning og opplevingar.

Vi vil i år invitere alle elevar, foreldre og føresette til det vi kallar ei årsavslutning laurdag 6. mai. Denne dagen spanderer vi felles måltid og elevar og føresette får møte kvarandre, lærarar og andre tilsette gjennom heile dagen. Det blir fotografering av elevane både enkeltvis, i grupper og i klasser (gjerne i bunad, kjole eller dress). Deretter skal vi ha ein hyggeleg fellesmiddag før det blir offisiell avslutning og eit flott show av elevane i det som vi kallar «The best of Elevkveld 2022-2023».

Søndagen har vi planlagt tur til fuglefjellet på Runde for elevane, og gjester som er her må gjerne vere med på det om De har tid!

Programmet blir som følger:

## Laurdag 6. mai

- Kl. 09.00-10.30: Frukost for elevane og dei av gjestane som ønskjer det i matsalen.
- Kl. 10.30-12.00: Tid til disposisjon til pakking eller for å sjå seg om i nærområdet i Ørsta.
- Kl. 12.00-13.00: Lunsj for dei som ønskjer det.
- Kl. 13.00-14.00: Føresette og elevar møter faglærarane i klasseromma.
- Kl. 14.30: Fotografering ute viss vêret tillet det. Inne i gymsalen viss ikkje. Elevane møter gjerne pynta i bunad, kjole, dress eller andre finkle.
- Kl. 16.30: Middag i matsalen. Alle er inviterte.
- Kl. 18.00: Avslutningsprogram i gymsalen med talar og song. Hovedpost: «The best of Elevkveld 2022-2023».
- Ca. Kl. 20.30: Kveldsmat/kaffi/kaker i matsalen

## Overnatting

Alle rom på skulen er opptatt så det er dessverre ikkje mogleg å overnatte på skulen.

Overnattingsmuligheiter i Ørsta:

- Havila hotel Ivar Aasen; [www.havilahotelivaraasen.no/](http://www.havilahotelivaraasen.no/)
- Ørsta Camping (hytter); [www.orstacamping.no/](http://www.orstacamping.no/)
- Brudevoll Hyttegrend; [www.brudevoll-gard.no/](http://www.brudevoll-gard.no/)
- Nipehyttene; [www.nipe-hyttene.no/](http://www.nipe-hyttene.no/)
- Hotell i Volda; [www.voldaturisthotell.no](http://www.voldaturisthotell.no)
- Hytter i Ørsta sentrum: <http://www.naturferie.no/no/cabins/>

## Påmelding

Foreldre/føresette må melde seg på på epost: [kontor@more.fhs.no](mailto:kontor@more.fhs.no), eller du kan ringe til skulen på tlf.: 70041999. Påmeldingsfrist 02. mai.

Det er gratis for gjestane å vere med på måltid og program, men for at alle skal få mat så er det viktig at du melder inn kva måltid du/ de deltek på.

Meld også ifrå om du treng spesialkost eller har allergiar som vi må vite om.

Søndag har vi planlagt tur til fuglefjellet på Runde for å oppleve m.a. lundefuglkolonien som skal vere kome tilbake dit då. Elevane reiser i buss, men gjester som vil vere med er velkomne til det, men må nok sannsynlegvis køyre i eigen bil. Det er om lag 1 time å køyre frå Ørsta til Runde. Ta med turkle/-sko om de vil vere med!

Siste skuledag for elevane er torsdag 11. mai.

Venleg helsing

Rune Hovde

Rektor